

# MØTEREFERAT

Deltakarar: Asbjørn Tverdal (SKL Nett), Karl Næs (SKL Nett - referent), Truls Drange (SKL Nett), Bjarne Bunes (SKL Marknad), Morten Larsen (SKL Marknad), Jarle Jæger (Nelfo), Stein Erik Grov (Grov Elektro), Jomar Grov (Grov Elektro), Kristian Lunde (Grov Elektro), Roald Nordtveit (Stomas), Tor Jansen (Stomas), Askild Salomonsen (Stomas), Jarle Neset (Elecon), Halvor Øvrevik (Elecon), Rolf Hovland (Hovland Elektro), Egil Veka, Steinar Årskog (Årskog Elektro), Helge Hauge (Fitjar Elektro), Einar Laukhammer (Apply)

Møtenr.:  
1/2009

Kopi:

Møtestad: SKL-bygg Stord      Møtedato: 01.04.2009      Tidspunkt: 19:00 – 21:30  
Møteleiar: Karl Næs      Referent: Karl Næs      Neste møte:

Møte emne: **Referat etter kontaktmøte med installatørane i Stord**

- Saksliste:
- 1.0 Orientering om SKL Nett
  - 2.0 Orientering om nye retningslinjer og krav til målepunkt
  - 3.0 Orientering om nye retningslinjer for anleggsbidrag i Stord kommune
  - 4.0 Drøfting av erfaringar frå installasjonskontrollar og ulike sikkerheitsaspekt
  - 5.0 Orientering frå Nelfo v/Jarle Jæger om Nelfo si sikkerheitssatsing "5 sikre"
  - 6.0 Ymse

Saksnr.	Beskrivelse	Ansvar
1.0	Asbjørn Tverdal orienterte om SKL Nett AS	
2.0	<p>Karl Næs orienterte om nye retningslinjer og krav utføring av målepunkt SKL sitt nettområde. Her vart det gitt ut missvisanse opplysningar om korleis SKL ønskjer utføring av stikkleidningar og målarplassering. Rett fortolkning av regelverk skal vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Einebustader med kjellarleilighet skal ha <u>ein</u> felles stikkleidning, med målepunkt (eit eller to) plassert i hovedtavle nær inntakspunkt</li> <li>• tomanns-bolig/rekkehus med separate inngang skal ha separat stikkleidning mata frå SKL sitt kabelskap m/eigen kurs, og med målar montert nær inntakspunkt</li> <li>• Boligkompleks med felles inngang skal ha <u>ein</u> stikkleidning og målarar plassert i felles tavlerom (eit tavlerom pr. inngang kan vurderast på forespørsel)</li> <li>• Forretningsgårdar og industribygg skal ha <u>ein</u> stikkleidning og målepunkt plassert i felles tavlerom (fleire tavlerom kan vurderast på forespørsel)</li> </ul>	

Oppdatering vert gjort i målepunkthandboka

Karl Næs

Her kom elles innspel frå Elecon v/Jarle Neset om at ein burde få regelverket inn i kommunen sine rutinar for saksgang i byggesaker, slik at utbyggarar, konsulentar osb. vert klar over desse krava og kan

Karl Næs

# MØTEREFERAT

Saksnr.	Beskrivelse	Ansvar
	planlegge ut frå dette.  Det vart elles orientert om betalingsordning. Målarmonasje på oppdrag frå SKL Nett AS vert godtgjort med kr. 300,- pr målepunkt, føresett levering av samsvarserklæring og at regelverket elles vert fulgt.	
3.0	Truls Drange orienterte om nye retningslinjer for anleggsbidrag i SKL sitt nettområde	
4.0	Bjarne Bunes orienterte om erfaringar frå installasjonskontroll og leia diskusjonen rundt dette tema	
5.0	Nelfo v/Jarle Jæger orienterte om Nelfo si sikkerheitssatsing "5 sikre"	
6.0	Ymse Det kom opp ønskje om oversikt over kontaktpersonar m/vara for ulike ansvarsområde. Dette vert publisert på heimesida vår i næraste framtid.	Karl Næs
	Andre spørsmål som må besvarast (svar i parantes): <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Held vi på torsdag som oppsamlingsdag for til- og fråkopling? (Nei, vi forhold oss til 3-dagars-fristen og avtalar med installatøren ut frå dette.)</li><li>▪ Sjekk pris på frå- og tilkopling: (Pr d.d. kostar frå-/tilkopling kr. 1.125,- eks. MVA.)</li></ul>	
	Møtet vart avslutta med Pizza på Frugård	

Karl Næs